

**KONTROLLUTVALET I  
ØRSKOG KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 22. september 2015 kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Inga Helen Støversten og varamedlem Sigmund Stene

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og økonomisjefsjeff Magny Hauge Dyrkorn.

Det kom fram merknader til sein utsending av saksdokument.

**SAK 15/15**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. JULI 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 9. juli 2015 blir godkjent.

**SAK 16/15**

**VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON – NOTAT FRÅ  
KOMMUNEREVISJONEN DATERT 17.09.2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Når det gjeld det seine etteroppgjøret for 2012 som ikkje har si årsak hos bebruarane, men er eit forhold som skuldast svikt i kommunens interne rutinar blir kommunestyret oppmoda om å ta stilling til om denne svikten skal ha konsekvensar for eit eventuelt krav om tilbakebetaling, jf. regelen om at kommunen har ein rett, men ikkje plikt til å krevje beløpet.

**I tillegg til vedtaket ovanfor gjorde kontrollutvalet slik samrøystes innstilling overfor kommunestyret:**

1. Kommunestyret finn rådmannen si praktisering og oppfølging av regelverket for vederlag for opphald i institusjon i Ørskog kommune kritikkverdig.
2. Kommunestyret føreset at regelverk og rutinar blir følgt for ettertida og at tilbakebetalingar blir gjort snarast.
3. Kommunestyret vil presisere at det er rådmannen som øvste administrative leiar sitt ansvar å sørge for at pkt. 1 og 2 blir sett ut i livet og følgt opp.

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign)

Inga Helen Støversten  
medlem  
(sign.)

Sigmund Stene  
varamedlem  
(sign.)